

Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Deres dato

Vår dato

30. november 2023

Deres referanse

Vår referanse

23/05672

Innspel til ny nasjonal digitaliseringsstrategi

Vi viser til Kommunal og distriktsdepartementet (KDD) sitt innspelsmøte om ny digitaliseringsstrategi på Økern Portal den 26.10.2023.

Lotteri- og stiftelsestilsynet ønsker å komme med innspel til KDD for å dele våre forventninger til ny digitaliseringsstrategi.

Forventninger til strategien

Vi må sikre ein robust frivillig sektor, som er i stand til å følge den digitale utviklinga i samfunnet, og dermed kan vere ein viktig part i offentleg/privat-samarbeid. Arbeidet med livshendinga «Starte og drive ein frivillig organisasjon» held fram, og viser stort potensiale i å forenkle, samt effektivisere, heile prosessen. Tilskudd.no er ein viktig del av livshendinga "Starte og drive ein frivillig organisasjon" og har ein stor effekt for frivillig sektor ved å bidra til aktivt å samle inn og strukturere data som kan brukast om igjen på tvers av sektoren, samt i andre offentlege og private sektorar.

Er det drivkrefter og utviklingstrekk som vil påvirke samfunnet generelt, og som strategien bør ta høyde for og hva er de viktigste digitaliseringsutfordringene fremover?

Teknologien er i kontinuerleg endring, og viktige faktorar som berekraft med sine ulike perspektiv (økonomi, miljø, sosiale forhold) krev effektive løysingar som kan delast og brukast om igjen på tvers. Etter vårt syn er data den mest grunnleggande faktoren for effektive digitale prosessar og tillitsvekkande tenester til innbygarane. Tilgang til og ombruk av data på tvers av alle forvaltningsnivåa og sektorane, er ein føresetnad for å lykkast med ny nasjonal digitaliseringsstrategi. Dette krev god infrastruktur, samt nedbygging av byråkrati for å sikre tilgang til nødvendig informasjon og forenkling for brukarane.

Samtidig må vi ha oppdatert lovgiving og regelverk for å ta hand om sikkerheita og personvern i all utvikling og i alle løysingar. Arbeidet rundt dette krev samhandling og koordinering, og kan gjerne organiserast per sektor for å sikre framdrift. Noreg har ein god tradisjon for å registrere data i form av register. Dette dekker ikkje alle behov som vi allereie har per i dag. Nasjonale fellesløysingar for datadeling per sektor, som tilskudd.no, kan bidra til å løyse utfordringar.

Hvordan kan regjeringen bidra til å løse disse utfordringene gjennom denne strategien? Kom gjerne med konkrete forslag til tiltak.

Ein ambisiøs og heilskapleg digitaliseringsstrategi for heile Noreg på tvers av alle sektorar krev koordinering. Det blir krevjande å nå desse målsettingane utan overordna koordinering og langsiktig planlegging. Det kan også utfordre dagens budsjettplanlegging i offentleg sektor, som avgrensar moglegheita for å planlegge og iverksette langsiktige prosjekt og tiltak.

Vi har gode erfaringar med vårt departement i å bli involvert i utforming av forskrifts- og lovtekstar i ein tidleg fase. Dette kan bidra til å effektivisere utviklingsprosjekt, både på tid og kostnad. Det kan også føre til å lage teknologinøytrale reglar som gjer at reglane held seg relevante over lengre tid og som reduserer barrierar for digitalisering, med utgangspunktet i at dette ikkje går på kostnad av rettstryggleiken.

Å auke bruken av allereie etablerte fellesløysingar som data.norge.no eller Maskinporten gjennom prioritering via tildelingsbrev for alle. Dette kan hjelpe til med nasjonal koordinering av den nye nasjonal digitaliseringsstrategi.

Samkøyring mellom ny nasjonal digitaliseringsstrategi og strategi for kunstig intelligens for å støtte felles ambisjonar og prosjekt. Digitaliseringa av offentleg sektor må ta utgangspunkt i bruken av KI for å oppnå gevinstar på tvers av sektoren gjennom samarbeid og felles prioritering.

Vi håpar våre innspel kan komme til nytte i det vidare arbeidet med digitaliseringsstrategi. Om de har spørsmål til innspela eller ønsker ytterlegare dialog, utdjuvar vi gjerne dette vidare i eit møte med KDD.

Med vennleg helsing

Atle Hamar
direktør